

Rosendal til semifinale

29.07.2011

Rosendal-jentene spelar seg vidare mot toppen i Dana Cup i Hjørring. I føremiddag vann dei kvartfinalen over Solberg med 4-2 etter å ha hatt full kontroll og det betyr at semifinale er neste steg.

Semifinalen går klokka 16.50 og så spør det om dei også sikrar seg finaleplass. Det vil i så fall vera ein kjempe-prestasjon.

Det er 3 uskedelingar på suksess-laget: Ingebjørg Haugland, Kathrine Yri Røssland og Anne Marthe Guddal Zimmer. Julie Skeie Olsen laga alle måla i kvartfinalen og jentene hadde full kontroll gjennom kampen.